



Personvern i skolen, innhenting av løyve.

Klasselister, fødselsnummer og bilete kan ikkje utan vidare utleverast. Datatilsynet har utforma nokre retningslinjer som skolen følgjer. Her kjem nokre døme henta frå retningslinjene:

Daglegdagse gjeremål som blir filma eller fotografert for å studera samspelet mellom barn og vaksne, vil verken vera melde- eller konsesjonspliktig. Det bør heller ikkje by på problem om lærarar tek bilete av elevane for å hengja opp i klasserommet

Bilete av elevar er likestilte med personopplysningar. Dersom ein publiserer bilete på Internett krev dette samtykke frå den einskilde elev, eller frå eleven sine føresette dersom eleven er under 15 år.

Resahaugen skole si heimeside

Skolen ønskjer å ha informative sider der ein lett kan finna fram til opplysningar ein treng i skolesamheng, og vi vil ha sider som er kjekke for heimane å besøka. Vi ønskjer også å kunne legge ut bilete frå aktivitetar i skolen sin regi, men samstundes vil vi vere merksame på kva krav det blir stilt til publisering av bilete.

Det er frivillig om de vil ha bilete publisert, og bileta ligg bare ute det gjeldane skoleåret. Vi vil fokusere på aktivitet i staden for enkeltpersonar, og vi vil ikkje knytte namn opp til bileta.

Svarslipp til heimen:

Namn på barnet: _____

- Når Strandbuen eller andre aviser kjem på besøk for å lage ein reportasje, kan journalisten avbilde og intervju dykkar barn?

Ja

Nei

- Kan vi legge ut bilete av dykkar barn på skolen sine heimesider?

Ja

Nei

Med venleg helsing

.....
Målfrid Valheim Rake,
- verksemdsleiar -